



Nr 2

2016

67. årgang

God sumar!

Amazing grace

Salmen eller hymnen «Amazing grace» er ein av dei mest kjende og sungne salmane i verda. Det er ikkje berre i kyrkja den blir sunge, også på andre offentlege arenaer som til dømes fotballstadion. Den har og fått fleire listetopp-plasseringar og vore viktig innan folkemusikk. Ein som har rekna på det, har rekna ut at den truleg blir framført 10 millionar gonger i året!

Likevel er det truleg få som kjenner så godt til bakgrunnen salmen har. Den er skriven av den engelske poeten og presten John Newton, og utgjeven alt i 1779. I ung alder verva Newton seg til Royal Navy og vart soldat, mellom anna i slavehandel. I ei forferdeleg stormnatt vart han så redd at han ropa til Gud om hjelp og nåde, og då var det hans religiøse oppvakning starta. Han hadde ingen bakgrunn for det. Ei stund etter forlet han slavehandelen og tok til å studere teologi, og vart seinare ordinert til prest i Den engelske Kyrkja.

I norsk omsetjing heiter den no: «Å nåde underfull og stor, som fann meg i mi synd! So arm eg var, men ved Guds ord eg ser, som før var blind» (nr. 342 i Norsk Salmebok v. Trygve Bjerkreim). Det må seiast at det er få salmar som summerer så godt opp kjernen i den kristne trua som denne salmen. Nåden er det overraskande, det underfulle som vert rekt oss gjennom det Gud har gjort for oss i Jesus Kristus.

«Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane deira, og

han tiltrudde oss ordet om forsoninga. Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formanar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han.» (2.Kor.5,19-21)

Det er Paulus som summerer dette så fint opp i eitt av breva sine. Han visste kva han snakka om! Sjølv hadde han møtt denne overraskande nåden. Han var ein forfølgjar og ein valdsmann, men vart møtt av den levande Kristus på veg til Damaskus (Ap.gj. kap.9). Slik starta den tenesta som skulle gjere nett han til den største misjonær den kristne kyrkja har hatt! På Aposteldagen no i slutten av juni hørde me om Paulus, og også Peter, den fremste av læresveinane. Han hadde svikta Jesus, men vart teken til nåde att. Det var han som kom med vedkjeninga «Du er Messias, den levande Guds Son.» (Matt.16,16). Då sa Jesus til han: «Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggja mi kyrkje, og dødsrikeportane skal ikkje få makt over henne» (Matt.16,18).

Så er det altså på Jesu Kristi nåde den kristne kyrkja er bygd. I ei bøn på Aposteldagen bed me: Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du kalla apostlane og grunnla di kyrkje på jorda. Hjelp oss alle å tena deg med nådegåver og evner du har gjeve oss, så vi saman kan byggja kyrkjelyden vår på den eine sanne grunnvollen, Jesus Kristus...

Så finst det framleis mange

døme på at livet kan snu for oss menneske. Der det såg mørkast ut kan det bli eit nytt livsgrunnlag og eit nytt håp. Evangeliet, den glade budskapet om Jesus, kan gje det i gåve! Ein songevangelist eg hørde på ein gong fortalde følgjande: Eit ektepar som hadde hatt store problem, med mykje bråk og overdreven bruk av rusmidlar, kom til tru på eit møte som denne evangelisten hadde. Dottera til ekteparet, kom seinare og fortalte strålende: «No er alle brennevinsflaskene heime forvandla til ny sofa og nye stolar, og eg er begynt å synge om Jesus i barnekoret!» «Då livet snudde» heiter ein artikkelserie i ei av våre landsdekkande aviser. Er det ikkje godt at det finst slike solskinshistorier? I «Amazing grace», syng me i norsk versjon også slik:

«Eg gløymer aldri første gong.
Då eg fekk venda om. Då braut han fram, den nye song, Då eg til trua kom»

I gjennom farar gjekk min veg.
Gud fridde meg frå dei. Det nåden var som berga meg. Og vil meg bera heim»

Så er me alle avhengige av Guds nåde kvar dag. I Klagesongane 3 står det: Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt, den er ny kvar morgon. Din truskap er stor. (v.22-23)

God sommar – med «amazing grace»!

A.S

Ny altartavle i Øn kapell



Som mange sikkert kjenner til vart Sørbøvåg bedehus avvigsla tidlegare i år. Etter avvigsling hadde ein ynskje om at den mangeårige altartavla i bedehuset skulle få ny bruk og plassering. Og styret i Øn indremisjon, og styret for Sørbøvåg bedehus, ynskte difor å gje altartavla som gåve til Hyllestad Sokneråd, med den føresetnad at den kom til bruk som ny altartavle i Øn kapell. Denne gáva vart tilbydd soknerådet i brev dagsett 16. mars i år, underteikna Annfrid M. Åsmul som leiar i Øn indremisjon, og Håkon S. Giil som leiar i styret for Sørbøvåg bedehus.


rekkje med altartavler, ca. 125 i talet, særleg til bruk i ulike bedehus, då mest i Sogn og Nord Hordaland, men ein finn og hans tavler i ulike kyrkjer rundt om i landet og i kristne forsamlingslokale ute der norske misjonærar har vore i arbeid.

Soknerådet var einstemmig i at Bjørknes si tavle ville vere ei flott altartavle i kapellet og gjorde vedtak om at den fram til no nytta altartavla vart bytt ut med altartavla frå Sørbøvåg bedehus, og at den gamle tavla vert plassert i kapellrommet på bakvegg mot våpenhus / inngangspartiet.

Hyllestad Sokneråd hadde saka oppe til handsaming på møtet den 26 april i år, og ein hadde i den samanheng ei synfaring i kapellet der noverande altartavle og aktuell ny altartavle frå Sørbøvåg bedehus vart vurdert.

Altartavla frå Sørbøvåg bedehus er måla av forkynnar og kunstmålar Vilhelm Bjørknes frå Gulen. Vilhelm Bjørknes (fødd 1884 og død 1969) har måla ei lang

Altartavla som no er flytta til Øn kapell syner Jesus med opne armar ståande på jordkloden. Kanskje er det nettopp denne tavla Bjørknes på arkivbiletet er avbilda med ved staffeliet heime på Byrknes i Gulen?



Hyllestad sokneråd ynskjer å rette stor takk til initiativtakarar, Øn indremisjon og styret ved Sørbøvåg bedehus, for denne flotte gáva. Ein vil også legge til at soknerådet, saman med donasjon/gåve knytt til altartavla, har fått eit eldre bilete med tekst over «Dei 10 boda» av same gjevar, denne har også tidlegare vore i Sørbøvåg bedehus. Plan er no at dette biletet skal henge i Øn kapell på motsett side av den gamle altartavle, bak ved inngangen til kapellrommet.

Etter at desse endringane no er gjennomført meiner Hyllestad sokneråd at kapellrommet har fått eit positivt løft i si utsmykking.

Jostein Ryland
Soknerådsleiar

Tilskotsmidlar frå Bjørgvin OVF fond

I slutten av november i fjor sende Hyllestad sokneråd 2-søknader til Bjørgvin sitt OVF fond (Opplysningsvesenets fond). Søknadane gjaldt økonomisk støtte til oppstarting og drift av ungdomsklubb i kyrkja, samt søknad om økonomisk støtte til eit årleg enkelt arrangement, Base Camp.

Søknadane var basert på desse målformuleringar:

Målsetjing for tiltaket.

1. Gjere evangeliet og trua på Kristus betre kjend, og forankra, i livet til den enkelte i målgruppa.
2. Etablere ungdomsklubb for årsklasse 13-18 år som eit primært oppstartstiltak, men utvikle tilbodet vidare i tråd med punkt 1.
3. Utvikle tilbodet i pkt. 1 til ei 2-delt løysing med ein klubb for born i aldersgruppa 5-8 klasse, og ein ungdomsklubb for aldersgruppa 9-klasse og opp til 30 år.
4. Utvikle og utdanne ungdomsleiarar for å legge til rette for eigen rekruttering på leiarnivå.
5. Gje ungdom moglegheit for å uttrykke si tru og tvil gjennom song, musikk, bilete, drama og ord.
6. Tilby eit regionalt ungdomsarr. innan lokalkyrkja sitt arbeid (Base Camp), og der i bidra til å styrke ungdomsarbeidet i den enkelte kyrkjekrins, sokn som vil ha deltakarar på arr.
7. Ved gjennomføring av desse tiltaka vil ein legge til rette for at ei brei ungdomssatsing vil ha framtidig bærekraft, ikkje



berre i Hyllestad kyrkjelyd men og i ikringliggjande kyrkjelydar.

8. Styrke samarbeidet innan satsinga på born og unge mellom ulike kyrkjelydar i lokalt prosti og utover, der det er naturleg.

Dette var ei offensiv satsing frå Hyllestad sokneråd, men er basert på det gode ungdomsarbeidet som no skjer i kyrkja sin regi, og den ressurs som ligg i alle dei flotte ungdommane som vi har her lokalt i Hyllestad.

Budsjett for ungdomsklubben i 2016 er samla kr. 92.000,- og for Base Camp 2016 er det kr. 55.000,-.

Og det er difor med stor glede vi kan informere om at Hyllestad sokneråd no i april fekk svar på

at vi har fått fullt innvilga våre søknader, og at Bjørgvin OVF fond for 2016 har tildelt oss kr. 50.000,- til ungdomsklubb og kr. 25.000,- til arrangementet Base Camp.

Dette gjev oss alle ekstra inspirasjon til å fortsette det gode arbeidet med ungdomsklubb og vidare planlegging av Base Camp 2016. Vi vonar at så mange som mogleg av lokal ungdom vil delta på desse aktivitetane, når ein startar opp igjen etter sommarferien.

*Jostein Ryland
Soknerådsleiar*



Base Camp 2016 - 7-9. oktober

I mai 2015 gjennomførte ein eit ungdomsarrangement i Hyllestad som gjekk under det klingande namnet: Base Camp. Arrangementet er fylldig omtala i tidlegare utgåve av kyrkjebladet. Til hausten 2016 planlegg ein no eit nytt, tilsvarende arrangement, nærare bestemt fredag 7. oktober til søndag 9. oktober. Gjennom sommaren og tidleg haust, vil ein no sende ut invitasjonar til ulike kyrkjer, kristne lag og organisasjonar i Sogn, Sunnfjord og Nord Hordaland primært, men også utover dette, til kristne ungdomsmiljø rundt Bergen. Planen er å samle så mange ungdommar vi kan i Hyllestad denne helga, til eit rikhaldig program med konsertar, gudstenester, leik og ulike aktivitetar. Om du kjenner nokon som kan ha lyst å vere med på



dette så må du gjerne tipse dei om arrangementet og be dei ta kontakt med Hyllestad sokneråd v. leiar Jostein Ryland. Vi har som ynskje at dette skal kunne bli eit stort årleg ungdomsarrangement i Hyllestad, der vi særleg rettar oss mot aldersgruppa frå 13/14 år og oppover til godt vaksen ungdom. Hjelp oss å gjere arrangementet kjend slik at flest mogleg blir med, og vi kjem kanskje tilbake til nettopp deg når vi seinare

må ut og få tak i frivillige til å gje ei hand denne helga. Kanskje kan du hjelpe oss med overnattingsplassar, og kanskje er du også ein av dei som støttar oss litt økonomisk, slik at vi kan få gjennomført dette flotte ungdomstiltaket.

Jostein Ryland
Soknerådsleiar

Trusopplæringstiltak og gudstenester

Nytt konfirmantår for Hyllestad- og Lavik-konfirmantar

Torsdag 26.mai var det ein stor flokk samla i Hyllestad kyrkje, med både konfirmantar og foreldre frå både Hyllestad og Lavik. Der fekk dei informasjon om kommande konfirmantår. Ein mottok og innspel frå dei som no skal ta til, og i dette kullet var det mange som ønskte meir av friluftaktivitetar inn i konfirmantåret. Dette vert det freista å ta omsyn til. Ein vil ta utgangspunkt i eit nyare opplegg som heiter DELTA til hausten.

Gode tilbakemeldingar på tid-tru-kveldar

«Interessant å ta opp spørsmål som har med tru å gjere»

«Fint å kunne gå meir grundig inn i ulike tema på ei slik samling, enn det ein kan gjere i løpet av ei gudsteneste.»

«Godt å kunne samtale etterpå i grupper».

Slike og fleire tilbakemeldingar har det komme på Tid-for-tru-kveldane som var i Hyllestad kyrkje i tida januar til mars i vår. Litt over 20 i snitt har det vore på samlingane, og det veksla litt kven som hadde høve., men tilsaman var mest 30 innom.

Det vart sytt for god servering, så takk til dei som tok tak der! På siste samling vart det sett ord på kva ein kunne tenke seg å vere med på vidare.

Nokon ønskte samtalegrupper.

Andre gjorde forslag om sangkveldar, som det og har vore ein del tidlegare.

Søndag 11.september kl.16 er det sett opp ei songgudsteneste i Øn kyrkje.

Onsdag 9.november kl.19.30 er det sett opp songgudsteeneste i Bø kyrkje.

Song, bøn , fellesskap

I samband med «Tid for-tru»-kveldane, kom det og ønskje om å kunne samlast til bønefellesskap i kyrkjelyden utanom gudstenestene.Det

vart følgt opp med ei samling i kyrkja måndag 23.mai. der vart ein samde og møtast i Hyllestad kyrkje kvar onsdag kl.20.30 og ein time framover. Dette skal vere ei samling der ein ber for arbeidet, syng litt ilag, og har eit fellesskap. Det har det no vore i juni, og ein fortset også no framover sommaren..Om det legg seg til rette kan ein seinare , i forkant av desse samlingane, ha songkveldar/ toasmesser og andre arrangement. Vel møtt!

Friluftsgudstenesta i Skor søndag 7. august kl.12

vert utanfor gamle skulehuset dersom veret er bra. Det er enkelt å gå inn om veret er dårleg. Skor grendalag lagar til kyrkjekaffi til gudstenesta. Denne dagen tek Audun Engedal med trekkspilet, og Audun Systad er attende frå ferie, og har ansvar for liturgi og tale. Vel møtt denne sommarsøndagen!

Ramsgrø bedehus 20.august

Den årlege og tradisjonsrike basaren som har samla mange på Ramsgrø bedehus, vert i år ein laurdag: Så set av laurdag 20.august kl. 14.30. Tale: Audun Systad Musikk: Erling Akse. Reidun Fleten har ansvar for basaren.

50-årskonfirmantar i Hyllestad kyrkje 21.august

Til denne gudstenesta i august er det invitert to kull av konfirmantar, med fødselsår 1951 og 1952. I fjor var det ikkje jubileum, så difor to kull i år. Det var ganske store kull, så viss alle er samla frå heile kommunen, er det over 50 som har fått innbyding. Ein av dei som har jubileum er kyrkjetenaren vår, Gunvor Instefjord, som er med og tek ansvar for arrangementet.

Prost Reidar Knapstad til Bø kyrkje søndag 28. august

Gudstenesta i Bø kyrkje 28.august kl.11 vert ved prosten vår, Reidar Knapstad. Han seier at det er første gong han har

gudsteneste i denne kyrkja. Ta godt imot han! Audun Systad er denne helga på 150-årsjubileum for Feios kyrkje, der han har hatt teneste tidlegare.

Å få 4-årsbok og 6-årsbok er viktige hendingar i kyrkja.

Søndag 18.sept. kl.11 er det utdeling av 4-årsbok i Hyllestad kyrkje, saman med haustttakkefest. Borna er inviterte til å ta med noko av markens grøde og bere inn i prosesjon.

Søndag 30.oktober kl.16 er det 6-åringane som får kyrkjeboka.

Soknepresten i Hyllestad gjer teneste også i Nordhordland prosti

Som tildegare nemnt i kyrkjebladet, er soknepresten i Hyllestad si teneste redusert frå 100% til 60% frå 1.august 2015. Dette var ei ordning som kom då Audun Systad tok til i tenesta. Det vart då gjort ein del endringar frå Bjørgvin bispedøme si side. Dette året har Audun hatt ansvar for Brekke sokn. Frå hausten av vert det igjen endringar på dette. Jens Linde skal no, etter eige ønskje ha teneste i heile Gulen. Audun Systad vil då få einskildtenester opp mot 40% i Gulen, evt og noko i Masfjorden og Solund.

Ferietida for soknepresten

Audun Systad har ferie i tida 4.-31.juli.Det er då prosten i Sunnfjord ein skal vende seg til ved spørsmål som har med prestetenesta å gjere.

I veke 27:

Rigmor Frøyen, tlf. 48 957 436

I veke 28-29:

Stein Oltedal,
tlf. 97 008 600

I veke 30:

Reidar Knapstad,
tlf. 97 568 220

Medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp

Faddergåve

Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve.

Å vere fadder for eit barn er ei oppgåve som ikkje vert avslutta når dåpshandlinga er over, for mange betyr det livsvarige

band. Som fadder lover ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Det meiner Anne Line Tufteland Kroken, prest i St. Jacob kyrkjelyd i Bergen. Ho er fadder til Peder (1 år), og



då han vart døypt våren 2015 var medlemskap i Tripp Trapp-klubben gåva frå henne.

Lettar relasjonsbygginga

-- Dåpsklubben bidreg positivt i fadderrolla ved at den gir informasjon og opplæring om den kristne trua gjennom Peders barne- og ungdomstid. Det er lettare å drive trusopplæring viss ein har materiale og informasjon å vise til. Det gjer det også lettare å bygge relasjon mellom meg og han fordi vi har bøker vi kan lese i lag, fortel Anne Line. Dåpsklubben sender ut 3 pakkar i året med bøker og anna materiell. Kroken fortel vidare:

-- Dåpsklubben gjer det lettare å utføre det oppdraget som eg har lova å gjere. IKO har mange fine måtar å synleggjere budskapet på og gjennom materialet i Dåpsklubben blir det meir levande. Hadde eg berre hatt Bibelen å vise til, ville det ha vore vanskelegare.

Viktig med kunnskap om religion

Dåpsklubben Tripp Trapp gir ut materiell som fortel om ulike deler av samfunnet. Eitt døme er den kritikarroste boka Akim løper. Boka handlar om barn på flukt og er veldig samfunnsaktuell i den flyktningssituasjonen vi står i no.

-- Det er viktig for eit barn å få vite noko om det samfunnet og



den religionen ein er ein del av. Det å få kunnskap om den kristne trua gir kunnskap om religion, og når ein er kjend med omgrep knytt til eins eiga tru er det lettare å vere i dialog med andre religionar, seier Kroken.

Iko kvalitetssikrar gåva

I IKO-Forlaget er det fleire som jobbar med utveljing av bøkene og materialet barna

mottar gjennom Dåpsklubben, og nettopp dette trekker Kroken fram som ein av dei viktigaste grunnane til at ho valde eit medlemskap for sitt fadderbarn:

-- Eg slepp å ta jobben med å kvalitetssikre gåva fordi eg veit at IKO gjer ein grundig jobb og har ein god teologi, derfor er eg trygg når eg hjelper foreldra med trusopplæringa for Peder, fortel Kroken.



Fint at ting går av seg sjølv

Som avslutning spør eg korleis det påverkar henne i kvardagen og då ler ho medan ho forklarar:

--- Det beste er nesten at det går av seg sjølv. Fadderbarnet mitt får kontinuerleg gode gåver, eg stressar ikkje med handling og det er gåver som gir større meaning. Til dømes seier badeboka Arken noko om at Gud tar vare på barn, og det er nettopp det eg vil at Peder skal vite.

www.tripptrapp-klubben.no



Biletutstilling i Hyllestad kyrkje i april

Det har komme mange fine tilbakemeldingar på kunstutstillinga «Verdighet», som var i Hyllestad kyrkje andre helga i april. Med ei blenkjande vårsol og gode temperaturar, var det nok mange som ønskte å bruke denne helga ute i naturen, etter ei regnfull tid. Dei som fann vegen til

kyrkje fekk fine opplevingar, som fleire formidla attende. Kunstnaren sjølv, Mariann Westbø, sette ord på kva ho ønskte med bileta sine: At menneske med ulike erfaringar kan finne trøyst, styrke og håp. Ho formidla si historie på ein sterk måte, der ho fekk fram at malinga var ei hjelp for henne sjølv til å komme

gjennom utfordrande periodar i livet etter at ho vart påkøyrd og fekk ein varig nakkeskade som ho enno må slite med.

Kyrkjerommet var fint dekorert med bilete denne helga. Takk til soknerådsmedlem Odd Takle som på dyktig vis fekk bileta godt på plass. Marion Brendehaug var med og sytte for god servering til menneske som kom.

Fredag kveld las Oddvar Etnestad, kyrkjevevjer i Førde, egne dikt og song eit par songar. Han sa litt om kva bileta hadde gjort med han, kva dei hadde gjeve han.

På laurdag kom komponist Magnar Åm frå Volda. Han sette fram eitt bilete om gongen, og improviserte så på flygelet; stemningar som bileta formidla til han. Dei som var til stades kunne leve seg inn i dette, og fleire gav uttrykk for kva dei «såg» i bileta. Ikkje minst var kontrastane mellom mørke og lys framme. Her var det rom for ulike kjensler som kom fram. Mellom andre ordførar Morten





Askvik i Hyllestad tok ordet og var oppglødd over kva det å sjå på bileta hadde gjeve han saman med den musikalske tolkinga.

På søndag var det gudsteneste ved Audun Systad, og Karine Strandos song fint til oss-

Teksten var om Jesus som synte «inderleg medkjensle» til folket som ikkje hadde mat i øydemarka. Og brødunderet skjedde. Preika vart og knytt til utstillinga, og at der er håp og tru i møte med bibeltekstane. Åfjorddalen bygdekvinnelag

stilte opp med god bakst til kyrkjekaffien (jfr. Bilete). Mykje takk og til dykk!

Mariann fekk og høve til å vitje Åfjorddalen og garden Systad, der farmor hennar kom frå. Sjølv var ho veldig glad for å få høve til å komme denne



«Varm» gudsteneste i Kvernsteinsparken

Søndag 12.juni kl.12 var det i år gudsteneste i Kvernsteinsparken. For undertekna vart dette den første gudstenesta her, i og med at den planlagde gudstenesta i fjor haust vart flytta til kyrkja.

Kvernsteinsparken har vorte eit omgrep i Hyllestad og langt utover. Det fortener denne staden, som og for kyrkja, er ein framifrå samlingsplass. Kjekt at den fine steinkrossen kom på plass i 2011. Med steinkrossane som kjem frå Hyllestad, er det mykje enno som kan løftast fram historisk.

I innleiinga til denne gudstenesta vart det og nemnt dei mange steinkrossane, som blir gjevne som gåve av biskopen i Bjørgvin til mange av dei tilsette i bispedømet og andre. Torbjørn Løland har mange forespørslar og leveransar!

Denne søndagen var det varmt og fint å samlast i Kvernsteinsparken! Det ser ut til at juni kan vere ein bra månad å satse på framover.

Sjølv om det var mykje som skjedde denne junisøndagen var det ein fin flokk som hadde møtt fram. Åfjorddalen bygdekvinnelag tok, også i år, ansvar for kyrkjeaffien med god hjelp av



kyrkjetenar Gunvor Instefjord. Tusen takk – gode kaker var det og!

Ein av songane denne søndagen var nr. 841 i Nye Salmeboka:

*Den blomstertid nå kommer
med lyst og glede stor, den kjære, lyse sommer
da gress og grøde gror. Nå rører solens armer
ved alt som før var dødt, de blide stråler varmer,
og alt på ny blir født.
De fagre blomsterenger og åkrer rad på rad,
de grønne urtesenger og trær som skyter blad,
hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot
det lys som alltid skinner fra Gud, vår skaper
god.
Gud signe årets grøde i alle verdens land!
Gud gi oss daglig føde fra jord og hav og
strand, og hjelp oss du å dele
med andre det vi har,
vårt liv, vår jord, det hele er ditt, vår Gud og Far!
Du kjære Herre Kriste, du sol med klareste skinn,
la hjerte-isen briste
og smelte i vårt sinn! La dine budord følges,
og mett oss med ditt ord, la nådens lys ei dølges
for oss på denne jord!*

A:S





Ryddinga rundt Øn kyrkje 2. april vart veldig bra – ny rullestolrampe vert montert om kort tid

I førre kyrkjeblad oppmoda vi om at folk deltok på dugnad med oppskeining rundt Øn kyrkje. Hjarteleg takk til alle som deltok på dugnaden denne laurdagen. Takk særleg til Reidun Fleten med hjelparar

som sytte for god servering. Veret var ikkje det beste, men det var godt oppmøte, stort engasjement og det vart gjort mykje. Åm Sognnes Bygdeservice og Vest. Skog var innleigd og stilte med utstyr

for saging og bortkøyring av busker og kratt. Rullestolrampa på oppsida av kyrkja vart fjerna på grunn av rote. Ny er kjøpt inn og vil bli montert om kort tid.





Opplevingsrik samtalegudsteneste i Hyllestad 17.april

Dei siste åra har det vore ei samtalegudsteneste eller temagudsteneste i april, felles med konfirmentar frå Lavik, som ein har arbeidd fram mot i løpet av heile konfirmanttida. Slik og i år.

Tema var «Kjærleik», og konfirmentane deltok på ulikt vis gjennom heile gudstenesta: Ved lesingar, sang, dans og drama.

Innleiingsvis vart tema knytta til sangen «Deg være ære Herre over dødens makt» - grunnlaget for den kristne trua om det som skjedde med Jesus i påska.

Gjennom drama som «Eg var svolten og de gav meg mat, eg var tørst og de gav meg drikke», kom så vår kjærleik og teneste som Jesu etterfølgjarar fint fram.

Ikkje minst var dette eit konfirmentkull med sterke sangarar, både solistar og andre. Innslaga vart kyndig leia av Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim.

- Kanskje sangtekstane talar sterkast sjølve: Hvem kan lyse opp min sti Som en lykt for min fot?

Gjøre natten om til dag og gi meg nytt mot?

Hvem kan true vær og vind og stille hver storm?

Vandre støtt på opprørt hav og gripe min hånd, gripe min hånd?

REF: Gi meg Jesus, bare Jesus En uendelig kjærlighet, ufattelig dyp og bred. Gi meg Jesus, bare Jesus. Ingen andre er lik deg Jesus

Hvem har villig gitt sitt liv for å dø på et kors?

Hvem har gitt meg ny verdi ved å elske meg først; elske meg først?

...gi meg Jesus...

:/:Du gav meg alt.

All min skyld er betalt.

Mine synder ble båret av deg.

Ord blir for små, Hvem kan fullt ut forstå Hvilken godhet du øser på meg?:/:

...gi meg Jesus...

Også sangen «Your love»- «Din kjærleik» var sterk, fint framført med Emild Espeland som solist. «I`m not just a number I`m your child» - «eg er ikkje berre eit nummer, eg er ditt barn». Dette var ei setning som underteikna (prest



Audun), fekk høve å bruke på konfirmasjonsgudstenestene som ei helsing til konfirmanntane, om den verdien kvar einskild har i trua på Gud og det unike ved Jesus. June Lavik Akse var solist på sangen «Thank you» , som hadde ein innhaldsrik tekst om alt det Gud har gjeve oss i naturen, blomane, biene, sjøen, alt i skaparverket! Og så kva Gud gjorde for oss «On Calvary» - «på krossen» . Nydeleg framført! Songen «Helping hand» , også Emild som solist, fekk fram at me skal ha hjelpande hender i verda vår. Også i år vart «Fadervårdansen» framført av konfirmanntjenter som tok denne oppgåva skikkeleg på alvor, slik at det vart ei tilbeding, og bøn som Fadervår legg opp til. Så var det mykje meir som kunne vore skrive om denne



gudstenesta, som var felles for Hyllestad og Lavik-konfirmanntane. Kjekt er det å kunne vise bilete på skjerm, og det må difor opplevast. Dei

fem leiarane i konfirmanntida. Toril, Andreas, Linda, Kirsten og Audun fekk overraskande ei flott gåve av konfirmanntar og foreldre etterpå.



På facebooksia for konfirmanntåret skrive Kirsten dette, som kan stå som ei oppsummering og takk: Kjære foreldre. Tusen hjarteleg takk for knallfin gåve, og ikkje minst hyggelege tilbakemeldingar. Det betyr mykje, gir inspirasjon til å halde fram også neste konfirmanntår. De har all god grunn til å vere stolt av gjengen, så positive og kjekke. Jammen trår dei til når det verkeleg gjeld. Dette året har me øvd mindre, likevel gjekk det heilt fint (...kanskje bortsett frå ho på flygel.....men ho spelar eigentleg berre gitar....☺) Lykke til med førebuingane til konfirmasjonen , hugs det er viktigare å ha det kjekt enn perfekt



SØRBØVÅG BEDEHUS

Alt har si tid

I Øn sokn har det på det meste vore fire bedehus - i Skifjorden, i Hornsdalen, på Gil og på Sørbø, med sistnemnde som det yngste. På Øn indremisjon sitt årsmøte, torsdag 25. februar, erkjente ein at tidene har endra seg, no var tida inne for å avhende huset. Frå før hadde ein avhenda bedehuset på Ytre Gil, men Øn indremisjon vil framleis sitje att som formell eigar av bedehusa i Skifjorden og i Ramsgrø, begge tenlege hus for sine føremål, sjølv om dei var bygde i og for ei anna tid.



I 1933 skjedde mykje vedkommande arbeidet med eit nytt bedehus. Fyrst skal nemnast gåvebrevet frå Nikoline Liland og O. A. Liland dagsett 19. april 1933, som gav tomt, «avdrags- og leigefri for Øns indremissions ungdomsforening eller Øns indremission so lenge huset vert nytta i Kristi evangelium si teneste, og til fremjing av Gudsriket i Kristi ånd». Deretter fylgde gåvebrevet frå Mary og Magnus Rye dagsett 15. juli 1933. Dei hadde overteke klokkargarden i Ulvika med det påståande skulehuset, og ynskte å byggje seg ein heim der. Sørbøvåg kristelege ungdomslag tok på seg å rive det gamle skulehuset og transportere bygningsmaterialane ned på Vågen. I laupet av kort tid vart så huset reist på den nye staden ved attbruk av det gamle tømmeret. Men mykje nytt måtte kjøpast.

Etter at Ønakerkja brann i 1940, og fram til 1958 då nye-kyrkja stod ferdig, vart Sørbøvåg bedehus brukt

som interimskyrkje. Denne funksjonen var sterkt medverkande til at det i 1952 vart kjøpt inn ei vakker altertavle, måla av kunstnaren Vilhelm Bjørknes frå Gulen. Bjørknes har måla kring 125 altertavler i kyrkjer, kapell og bedehus, ca. 25 av dei er i heimfylket. Nemnast kan kapella på Byrknesøy, Bulandet, Mjømna, Vadheim, Askrova og Værlandet. Altertavla er måla med fast hand, Jesus vert framstilt som ein som har oss menneske kjær og tavla har ein klår bodskap: «Kom til meg alle». Altertavla er donert til Hyllestad sokneråd, til bruk i Øn kapell.

Mange som fekk oppveksten sin i Sørbøvågen, vil minnast aktivitetane i huset med glede. Her heldt sundagsskulen til, her var det julefestar og basarar, her samlast ein på dagtid 17. mai og her var det til tider stor møteaktivitet. På 17. mai veksla Kristoffer Nordbø og styrar Leikny Lien på samyrkelaget med å halde butikkane opne nokre timar, slik at den oppveksande

slekta kunne få dekkja behovet for godsaker ein slik dag. Minnesamværa hadde sin faste plass her etter kvart som det vart mindre vanleg å ha desse i heimane. Eit fast lag tok seg av tilstellinga, matstellet og oppryddinga.

Etter kvart vart aktivitetane i huset færre, inntektene minka, og det vart klart at huset trong vedlikehald. Kvinner tok tak, i 1999 vart Bedehusforeninga skipa, og hadde jamlege møte med stor handarbeidsinnsats for å lage gevinstar til dei årlege basarane. Ei opprusting i samband med ein vasskade vart organisert, og der gjorde mennene i bygda sin innsats.

Indremisjonsårsmøtet 2016 valde eit avhendingsstyre for å ta seg av det praktiske arbeidet. Sokneprest Audun Systad leia av-vigslinga 16. april. Tomta vart gjeven som gåve på vilkår av den framtidige bruken, og slik stoda er, er indremisjonen glad for at tomta med påståande hus no kan gå attende til grunneigaren. Arbeidet med avhendinga

Avvigslingsseremoni i Sørbøvåg bedehus laurdag 16.april 2016 kl. 16

Ein viser til det historiske risset som Håkon Giil har gjeve over Sørbøvåg bedehus. Dette var og ein del av avigslingsseremonien, som elles vart leia av Audun Systad. Ein sang til opning» Navnet Jesus», Songar elles denne dagen var: «Kor stort min Gud», «Med Jesus vil eg fara» og «Ein fin liten blome». Erling Akse sat ved oregelet som han og hadde gjort mange gonger før her. Han sa at det ofte hadde vore juletrefestar, minnestunder og basarar han hadde medverka ved.

kan no halde fram. I tillegg til altartavla har ein fått avsetnad på eit godt, elektronisk orgel, det skal no gjere teneste i Løland bedehus, som er i Dalane indremisjon si eige. Men i hovudsak står inventaret att i huset, mykje av det er godt og kan framleis tene gode føremål. Avhendingsstyret tenkjer seg å skipe til ein auksjon i nær framtid, der ålmenta kan få høve til å gje bod på det som måtte ha interesse.

Mange av oss har gode og kjære minne knytte til huset. Ein tidsbolk har teke slutt, men arbeidet i Guds rike held fram. Vi er blitt færre i kommunen og på bedehusa, tre sokn er blitt eitt. Kommunikasjonane er blitt betre, vi kan lettare samlast kvar det måtte høve seg i kommunen. Arbeidskyrkja på Hyllestad er blitt eit samlande sentrum, men det er ikkje langt til bedehusa vi har att i kyrkjekrinsen, både i Ramsgrø og i Skifjorden, for møte som er meir naturlege å halde i eit bedehus enn i ei kyrkje.

Håkon S. Giil



Teksten for søndagen frå Joh14,1-11, der Jesus seier at han vil gå og gjere i stand ein stad for sine, vart lesen. I teksten står og det kjente verset: «Jesus seier: Eg er vegen, sanninga og livet». I forbøna der Anfrid Misje Åsmul og Kari Nordbø Systad medverka, vart det sett ord på takken for kva huset hadde hatt å seie i åra det vart brukt: «Vi takkar deg for at du framleis let di frelsande gjerning lukkast i vår kyrkjelyd Og, og at du i mange år har late dette bedehuset gjera teneste til di ære. Vi takkar deg for dei som trufast har gjort di gjerning her, og ønskte at ditt rike skulle komme. Vi ber deg: Hald di vernande hand over denne bygda også i framtida, og kalla menneske til tru på deg. Gud vi bed.»(frå forbøna)

Når ordet var fritt, fortalde Anfrid Misje Åsmul om hennar minne frå huset, som var mange og gode. Ho kom i si tid hit og talte nett på dette bedehuset, der svigermor hennar, Anna Sørbø, i mange år var aktiv. Anfrid har drive søndagskule i mange år, like fram til for eit par år sidan. Det var vemodig å måtte gje seg

med dette, men det var slik det vart, då barnetalet minka, og dei som var med vart større. Sjølv om det var vemodig med ei avvigsling no, hadde Anfrid komme til at det var rett. Ein del av trusopplæringstiltaka vert no samlokalisert i Hyllestad kyrkje. Det var samla 15 personar til denne siste samlinga ved Sørbøvåg bedehus, og elles viser me til det grundige historiske risset som er framlagt.





Basar på Sognnes

Har vore på basar på Sognnes for fyrste gong.

Skikkeleg honnør til huslyden på øvre Sognnes som har laga til denne basaren i mange år.

Vart ynskt velkomen i eit romsleg og ryddig tun og vist inn i den trivelege stova til Sigrid og Ivar der det var sitjeplasssar til alle dei frammøtte som kom frå både Sørbøvåg, Leirvik og Sognnes/Nesje grenda.

Toril Lange frå kyrkjekontoret heldt andakt og fortalde om misjonselskapet sitt arbeid i Mali og tilhøva der..

Etter at vi hadde fått prata litt

rundtomkring, vart me sessa rundt veldekka bord med rikeleg og gode rundstykke, kaker og sjølsagt krutsterk kaffi som høyrer heime på en skikkeleg gamaldags basar. Toril, Ingunn og Sigrid sto for trekkinga av dei mange fine gevinstante som var sokkar, blommar, fruktkorger og utruleg mykje meir. Så dei fleste reiste heim med eit eller anna i veskene sine.

Skal ikkje røpa kor mykje som kom inn, men det var ein fin sum som kom inn til fordeling mellom ymse lag og organisjonar.

(Red.: Der kom inn kr. 10.200,- . Fordelt slik: kr. 1.000,- til Alværa Misjonssenter, og resten delt 50/50 mellom sjømannsmisjonen og NMS. Godt jobba!)

Trur nok at alle syntest at det var ein triveleg ettermiddag sjølv om skodda hang tung over fjorden og sperra for det flotte utsynet som det er frå øvre Sognnes.

Om det vert fleire slike basarar på Sognnes står att å sjå, men det er synd å bryta ein slik flott tradisjon.

Arvid Rysjedal





Friluftsgudstenesta vart terrassegudsteneste!

26.juni var det tillyst friluftsgudsteneste ved Espelandsvatnet. Ein har tidlegare hatt gode opplevingar ved og samlast der. Etter ein lang godversperiode kom regnet i slutten av juni, men det såg bra ut til like før gudstenesta. Så kom likevel regnet... Løysinga vart då den, at ein fekk samlast på terrassen hos

Gerd og Kjell Eide! Då fekk ein sitte ute i bra temperatur, og likevel ha dekke over hovudet. Det vart ei terrassegudsteneste! Gerd steikte gode hellekaker, og tusen takk for at me fekk vere hos dykk! Sunniva Lylund hjelte prest Audun med å vise bevegelsar til barnesongane. Kjell Solheim

song ein av dei gamle religiøse folketonane, med teksten: «Jeg går til himlen der er mitt hjem» Han hadde minne frå bestemor si som ofte sang den! Audun Engedal hadde trekkspilet med og spela til salamane. Ei kjekk stund var det fleire som sa! Sjølv sagt håpar me på godver igjen neste år!



Helsing frå Fiji

Kva gjer med på og kor?

Me er utsendt til Fiji som misjonsnærar for “Ungdom i Oppdrag”, ei av verdas største misjonsorganisasjonar. Fiji er ei lita øy i Sør Stillehavet, og her bur knapt ein million menneske. “Marine Reach” er den greina av “Ungdom i Oppdrag” som fokuserer på helsearbeid samt misjon her på Fiji. I 2012 hadde me som familie vår fyrste tur til Fiji for å gå på disippeltrenings-skule her, og me kjente på eit kall om å kome tilbake hit og flytta så til Fiji sommaren 2014. Noko av det me jobbar med er å organisere og gjennomføre helseklinikkar i landsbyar her på Fiji. Dei som bur i landsbyane lever under veldig enkle tilhøve, ofte utan straum og med liten tilgong til helsetenester. Me har ein mobil tannlege- og lege-klinikk som me tek med til landsbyane og gjev gratis helsehjelp, praktisk hjelp og fortel om Jesus.

Me er og med på å drive ein disippeltreningskule (DTS) med helsefokus og tek i mot studenter frå ulike delar av verda som vil lære meir om å bli ein etterfølgjar av Jesus samt lære meir



om helsemisjon. Bjarte er og med i leiarskapet her på basen. I 2015 var me så heldige å ha Familien Høberg frå Hyllestad her i 5 månader og det er me utruleg takksame for!

Arbeidet er inspirerende, utfordrande og gjevande. Me er glade for å vere her, men saknar sjølvsagt Noreg i blant. Etter to år her, gler me oss no til å kome til Noreg og treffe slekt og vener. Arbeidet her er frivillig og me mottek inga løn,

men får støtte frå familie, vener og kyrkjelydar. Me er utruleg takksame for denne støtta, og utan forbøn og økonomisk hjelp kunne me ikkje drive dette arbeidet.

De kan og lese meir om kva me gjer på heimesida www.marinerreachfiji.com

Varme helsingar frå
Ane og Bjarte Dyvik Haugstvedt
Emma (13), Jonathan (10),
Silas (7) og Jacob (3)



Klargjering av gamalt gravfelt på Hyllestad kyrkjegard

På Hyllestad kyrkjegard har vi behov for å klargjere eit av dei gamle gravfeltene for ny gravlegging. Dette fordi feltet på den nye delen av kyrkjegarden byrjar fyllast opp.

Vi startar med gravfeltet på oppsida av kyrkja, mot vegen. Vi har fått avklart vidare feste, eller sletting av dei fleste gravene. Der er nokre graver der vi manglar ansvarlege.

Dette er graver som er over 60 år, som er så lenge det er høve til å feste ei grav utan ekstra søknad. Har du som les dette ansvar for ei gamal grav på dette feltet og ikkje har fått brev, så ver venleg å ta kontakt. Gravminna på desse gravene vil bli tatt bort.

For ei tid tilbake vart det her grøfta på grunn av problem med vatn i grunnen. Før ny

gravlegging må her fyllast på jord. Dette for å hindre at vi ved opptak av grav kjem ned på grøftene. Feltet vil og bli omregulert der gravmåla vil bli auka litt. Under arbeidet vil alle gravminna på feltet bli sett til side, og sett oppatt etter påfylling av masse. Før vi kan starte arbeidet må vi ha godkjenning frå Bjørgvin bispedømeråd.

Flytting av namn frå ei grav som vert sletta til eit gravminne på ei eksisterande grav

"Kirkelig fellesråd kan gi tillatelse til at namn på person påføres gravminne på en eksisterende grav et annet sted enn der vedkommende er gravlagt. Namnet må da fjernes frå det opprinnelige gravminnet." Føreskrifter til gravferdslova § 21 andre ledd. På dei tre gravplassane i

Hyllestad er det eit stort etterslep på festeavklaring. Vi vil prøve å jobbe med dette og sende ut brev etter som tida vår tilet det. Då det på kontoret også er mykje anna som må prioriterast, vil dette ta noko tid.

Mange tykkjer at dei har ansvar for mange graver og vurderer

å slette nokon av gravene. Då er det greitt å vite om at det er lov, ved sletting av ei grav og fjerning av gravminnet, å føre namnet på eit anna eksisterande gravminne. Då må oftast det gravminnet som namnet skal påførast, slipast ned først. Kyrkjekontoret kan formidle kontakt med skrifthoggar som gjer slikt arbeid, samt opplyse om kostnad. Ver merksam på at det ikkje er høve til å påføre namn frå graver som er sletta tidlegare, det må skje i det grava vert sletta.

Oppretting av gravminne på gravplassane

Det er, frå sentralt hald, bestemt at det no helst skal heite gravplass i staden for kyrkjegard, også der gravplassen ligg ved kyrkja.

Det er den som er ansvarleg for fri grav, festar av festa grav, som har ansvar for å rette opp eit gravminne dersom det står skeivt. Dette trass i at det på gravplassane våre er ein del «berg og dalbane». Vi vil etter kvart prøve å jamne ut ujamnheiter på gravplassane, men på grunn av avgrensa midlar vil det ta noko tid.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Dugnad i og ved Bø kyrkje før

konfirmasjonen 15. mai!

Takk til Marion Brendehaug som samla ein dugnads-gjeng i og ved Bø kyrkje. Lysekrona i kyrkja vart tatt ned og pussa. Rampa ved reiskapshuset vart høgtrykk-spylt. Parkeringsplassen fekk sårt tiltrengt grus. Hjarteleg takk for deltaking, for to lass grus som vart tilkjøyrte m.m. Ingen nemnt – ingen gløymt.

Konfirmantar 2016



Rekkefylgje Hyllestad: Framme frå v: Nikolai Oppedal, Britt-Alice Thorsnes Solstad, Thea Pedersen Johannesen, Felicia Natalie Ziener, Tuva Systad Vold, June Lavik Akse
Bak frå v: Sondre Solberg Losnegård; Sivert Güll, Andreas Ytredal Akse , Sølve Andre Dale.
Bakerst. Sokneprest Audun Systad



Rekkefylgje Bø: Frå venstre: Sokneprest Audun Systad, Ole Einar Sognnes, Emild Espeland, Mia Eikelid og Katja Wolff.

Konfirmantane i Hyllestad til Sørbøvåg

To torsdagar i april var Hyllestadkonfirmantane i Sørbøvåg. Rett før samtalegudstenesta 14.april var dei heime hos Kari og Audun, øvde litt til samtalegudstensta, men hadde og mykje leik og underhaldning, ein sosial kveld, med god gjærbakst (frå Kari) 2 veker etterpå, torsdag 28.april tok dei bussen utover rett etter skuletid. Dei fekk pølser og brød som vart tillaga på kjøkkenet på Eiklund omsorgsenter, og møta dei eldre som var samla. Nokre av dei tok ordet og fortalde om korleis konfirmantida var då dei var unge. Om vegen å reise til Hyllestad, om utenatføring av salmevers og om sjølv konfirmasjonsdagen, då det var gildt å ha fått litt nye klede. Årets konfirmantar lytta godt til dette. Sjølv framførte dei songar og las litt av det dei hadde hatt på samtalegudstenesta, der tema var «Kjærleik». Etterpå var det samling i Øn kyrkje, der ein øvde litt på korleis ein skulle gjere på sjølv konfirmasjonsdagen. Ein fekk litt lita tid, så det var naudstynt med ei lokal øving også. Hyllestadkonfirmantane 2016 var klar for dagen dei og familiane hadde sett fram til!



Rekkefylgje Øn: Framme frå v. : Rebecka Schei, Amalie Nordbø Bak frå v: Eirik Tonning Hatløy, sokneprest Audun Systad, Lage Langedal.



Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord

Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. med
annonser til fylgjande prisar:

Visittkortannonse

4 innrykk pr. år: kr. 2.400,- pr. År

2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. År

Dobbel visittkortannonse,

4 innrykk pr. år: kr. 4.400,- pr. År

2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr.år

ÅM SOGNES
BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



HAVYARD

Improving life at sea

SPAR



Hyllestad

ÅPEN 09-19 (16)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Byggbmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing

Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkja

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no

17.juli.	kl.11:00	Øn - Offer: Kyrkjelydsarbeidet
24.juli		Ikkje gudsteneste
31.juli.		Ikkje gudsteneste
7.aug.	kl.12:00	Skor - Friluftsgudsteneste - Offer: Kyrkjelydsarbeidet
14.aug.		Ikkje gudsteneste
20.aug.	kl.14:30	Ramsgrø Bedehus, Basar
21.aug.	kl.11:00	Hyllestad. 50-årskonfirmantar - Offer: Det Norske Bibelselskap
28.aug..	kl.11:00	Bø kyrkje - Offer: Kirkens bymisjon i Bergen
4.sept.	kl.11:00	Hyllestad - Konf.pres. Offer: Alværa misjonscenter
11.sept.	kl.16:00	Øn kyrkje AS – Songgudsteneste, med ulike aktørar
18.sept.	kl.11:00	Hyllestad, Hausttakkegudst. 4-årsbok - Offer: Trusopplæring
25.sept.	kl.11:00	Bø kyrkje - Offer: Sjømannskyrkja
28.sept (ons.)	kl.19:00	Hyllestad, Thomasmesse- Lovsongsgudst. - Offer: Konf./Ungdomsarbeidet
2.okt.	kl.15:00	Hyllestad. Kyrkjelydsbasar, der inntekta går til Kyrkjelydsarbeidet
9.okt.	kl.11:00	Basecamp – ungd.arr. 7.-9.oktober - Offer: Ungdomsarbeidet
16.okt.	kl.16:00	Hyllestad, Misjonsgudst. Ingvald Frøyen Offer: NMS i Mali
23.okt.	kl.11 ?	Øn - Offer: Kyrkjelydsarbeidet
30.okt.	kl.16:00	Hyllestad – 6-årsbok- fam.gudst. - Offer: Kyrkjelydsarbeidet
6.nov.	kl.16:00	Hyllestad. Helgemessesøndag - Offer: Kirkens SOS
9.nov.(ons.).	kl.19.30.	Bø kyrkje Songgudsteneste - Offer: Stefanusalliansen
13.nov.		Ikkje gudsteneste
20.nov.	kl.11:00	Hyllestad Lys-Vaken – 5årsdiplom - Offer: Trusopplæring
27.nov	kl.19:00	Hyllestad Lysmesse - Offer: Konfirmant-/ungdomsarbeidet
4.des.	kl.11:00	Bø kyrkje - Offer: «LEVE»
11.des.	kl.19:00	Øn kyrkje Julekonsert m.andakt - Kollekt
18.des.		Ikkje gudsteneste

Glede og sorg

Døypte:

Hyllestad: Ada Louise Løvø Stigedal
Olai Kjøsnes Høydal

Vigde:

Hyllestad: Ingrid Hatlem og Christian Skår

Gravlagde:

Hyllestad: Ragnvald Ekreskar f.1941
Leif Nikolai Tonning f.1945
Erling O. Berge f.1926

Bø: Kjell Atle Tveit f.1953

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE

P.P.



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døy-ande eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjevevjerje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

Klokkar Aslak Åm Sognnes - Mobiltelefon: 975 83 290

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as

Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemer:

Jostein Ryland
Unni Systaddal
Marion Olga Brendehaug
Liv Kristine Solheim
Steinar Urnes
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Odd Takle
2. Reidun Skår
3. Joakim Systaddal
4. Rune Risnes
5. Olaug Brendsdal